

Fra: Arve Helle (Arve.Helle@vlfk.no)

Sendt: 11.11.2020 21:56:41

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål til møte i fylkesutvalet 26.11

Vedlegg:

Skipsverftet New Havyard Ship Technology i Hyllestad har varsla nedbemanning med ca 100 tilsette i løpet av neste år. Dette rammar hardt i ein liten kommune som Hyllestad med ca 1300 innbyggjarar. Vi snakkar om eit tap av arbeidsplassar som tilsvarar 7-8 prosent av innbyggartalet.

Til samanlikning ville noko tilsvarande utgjort ca 1700 arbeidsplassar i ein kommune som Sunnfjord.

Utover dei direkte arbeidsplassane kjem det også store ringverknadar for leverandørindustrien rundt verftet. I tillegg til butikkar, hotell osv i Hyllestad, har også bedrifter som Maritime Montering i Sunnfjord og Askvoll Skiltgravering i Askvoll varsla at dette vil få store konsekvensar for deira verksemd.

Det er også mange tilsette ved verftet som bur i nabokommunane, så her vert heile regionen – men sjølvsagt Hyllestad spesielt- hardt råka.

Ordføraren og det øvrige næringslivet i Hyllestad er allereie på bana og ønskjer å komme i gong med omstillingsarbeid snarast.

Fylkeskommunen har ei rolle som regional utviklingsaktør og er ein viktig samarbeidspartnar for kommunane rundt omstilling.

Vil fylkesordførar og fylkesrådmann ta tak i saka og gå i dialog med Hyllestad kommune for snarast mogeleg å komme i gong med omstillingsarbeid for å avgrense verknadane av nedbemanninga ved skipsverftet i Hyllestad?

Mvh

Arve Helle